

1 **ARBEIDSPROGRAM FOR NOREGS MÅLLAG 2018-2022.**
2 **FYRSTE FRAMLEGG FRÅ NEMNDA.**

3
4
5 **1. DEN MÅLPOLITISKE STODA**
6 *- kvar står me no?*

7
8 **Stoda**

9 *Stoda for nynorsk i dag er delt. Statusen og bruken har styrkt seg der nynorsken er mest*
10 *brukt, i kjerneområdet, medan presset aukar og språkskiftet er stort i randsonene, i utkantane*
11 *av kjerneområdet. Samstundes har fleire riksaviser forsiktig opna for nynorsk i spaltene, og*
12 *nynorsk er meir synleg på fleire domene .*

13
14 Nynorsk er konsolidert i eit kjerneområde. Dette området går frå Sunnmøre i nord til Jæren i
15 sør, og det inkluderer Vest-Telemark, Ottadalen og øvre delar av Valdres i aust. I randsonene
16 i Agder-fylka, Telemark, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen, på Nordmøre, i
17 Romsdal og rundt byane på Vestlandet er det større press på nynorsken. Det kjem til nye
18 nynorskbrukarar gjennom grunnskulen i alle vestlandsfylka, i agderfylka, i Oppland,
19 Buskerud og Telemark.

20
21 Kjerneområda er kjenneteikna av lågt språkskifte frå nynorsk til bokmål på ungdomstrinnet
22 og/eller i vidaregåande og av mykje nynorskbruk i ålmenta. På desse stadene vert nynorsk
23 opplevd som det lokale språket. Nynorsk har ein «samfunnsberande» funksjon, der alle
24 kommunale, regionale og mange statlege funksjonar nyttar nynorsk.

25
26 Dei nynorske randsonene er prega av stort språkskifte i ungdomsskulen eller i vidaregåande,
27 alt etter når nynorskelevane hamnar i mindretal. Særleg kring vestlandsbyane er desse områda
28 òg prega av eit stort innslag av bokmål i grunnskulen, grunna større og fleire bokmålsklasser
29 på nynorskskular. Randsonene er sette saman av både nynorskkommunar og språknøytrale
30 kommunar. I desse områda ser folk mykje mindre nynorsk rundt seg, og det er lite nynorsk i
31 lagsliv og næringsliv.

32
33 Utanfor dette området er nynorsk i sporadisk bruk, truleg mest i dei store byane, men det finst
34 nynorskbrukarar over alt i Noreg, og nynorsk er eit bruksspråk i heile landet.

35
36 Nynorsk er eit språk for heile Noreg, med eit ankerfeste i kjerneområda. Dette området, der
37 han er i dagleg bruk og fungerer som eit nasjonalmål, er på storleik med eit middels stort
38 europeisk land. Nynorsk er vorte eit sterkt regionalspråk. Ulikt dei fleste andre land med
39 fleirspråksituasjonar, er han òg eit nasjonalt språk for alle som bur i Noreg.

40
41 Store demografiske endringar i Noreg gjer at flyttestraumen går mot bokmålsområda i og
42 rundt dei store byane. Difor går prosenten elevar med nynorsk opplæringsmål ned, sjølv om
43 det absolutte talet på elevar er relativt stabilt. I 2016 auka talet på nynorskelevar, mykje
44 grunna folketalsvekst i dei bynære områda på Vestlandet. Kring dei store vestlandsbyane
45 aukar talet på nynorskelevar somme stader, men det er òg her han er mest utsett.
46 Eit sterkt kjerneområde styrker nynorsken som nasjonalspråk. Dei språklege rettane til
47 nynorskbrukarane i heile Noreg har sterk legitimitet frå eit stort område der folk samla er
48 viljuge til å krevja rettane sine. Kjerneområda og nynorskbrukarane utanfor kjerneområda er
49 gjensidig avhengige av kvarandre. Utan folk over heile Noreg som bruker og arbeider for
50 meir nynorsk, vil offisielle språkrettar og statusen til nynorsk som offisielt språk vera utsette.

51
52 Stoda i dag er òg prega av at situasjonen for nynorsk på mange område er betre enn før. Det er
53 mindre eksplisitt motstand, og nynorsk er mellom anna i ferd med å få innpass i dei store
54 riksavisene. Dei fleste partia har styrkt målpolitikken sin dei seinare åra.

55
56 Digitalisering, språkteknologi og endring i medievanar vil endra måten me både møter og
57 bruker språk på. Utviklinga på desse områda må òg endra korleis Noregs Mållag tenkjer
58 politisk om mange emne. I dag er det for lite kunnskap i Noregs Mållag, både lokalt og
59 sentralt, om korleis slike endringar vil påverka kvardagen for nynorskbrukarane. Noregs
60 Mållag må i åra som kjem, skaffa seg betre oversyn og utvikla ny politikk her.

61
62 Ein bør skilja mellom den vesle og den store målpolitikken. Den vesle målpolitikken er
63 lovgjeving og stimuleringsordningar som tek målretta sikte på å verna nynorskbrukarar og
64 vega opp for nynorske mindretalsulemper. Døme på dette er læreboktilskot, mållova og tilskot
65 til nynorsktiltak. Den store målpolitikken er all annan politikk som har språkpolitiske effektar,
66 som mykje av distriktpolitikken, kommunepolitikken og delar av utdanningspolitikken som
67 ikkje har direkte med språk å gjera. Noregs Mållag kan ikkje ha ei meining om alle sider ved
68 den store språkpolitikken. Det kan likevel vera nyttig å ha ein (betre) analyse av korleis større
69 straumdrag i samfunnet påverkar målstoda.

70
71 I nokre situasjonar og i nokre område er det krevjande å vera nynorskbrukar i Noreg.
72 Jamstillingspolitikken har ikkje kunna bøta på dette, og det har oppstått ei «falsk jamstilling»
73 som reproduserer den rådande ubalansen. For å sikra dei mest utsette nynorskbrukarane må
74 me leita etter tiltak som er sterkare enn dagens jamstillingpolitikk.

75
76 Arbeidsprogrammet legg dette til grunn for måla og tiltaka dei neste fire åra. Mange av måla i
77 dette programmet er truleg urealistiske å nå på fire år. Det er likevel rett å formulera klåre
78 målsetnader på kvart felt for kva som faktisk må til for å gje ei positiv endring.

79 80 **Hovudprioriteringar for fireårsperioden**

81 I denne fireårsperioden har Noregs Mållag desse fire hovudprioriteringane:

82 1. Den digitale skulekvardagen må vera nynorsk.

83 Noregs Mållag skal gjennom kampanjearbeid og politisk påverknad syta for at
84 nynorskelevane møter språket sitt gjennom heile skulekvardagen, anten opplæringa skjer på
85 skjerm, tavle eller i bok.

86
87 2. Nynorskbrukarane må tena på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat.
88 Det norske samfunnet går for tida gjennom store strukturreformer. Det er viktig at ingen slike
89 reformer slår negativt ut for nynorskbrukarane. Tvert om bør slike reformer vera eit høve til å
90 innføra tydelegare regelverk og betre rettar.

91
92 3. Nynorske ungar må møta nynorske vaksne frå barnehage til vidaregåande.
93 For mange barnehageungar og elevar møter vaksne som ikkje kan nynorsk godt nok. Her
94 trengst det fleire endringar i det sentrale regelverket, men òg kurs, inspirasjonsdagar og andre
95 lokale tiltak.

96
97 4. Noreg må få ei satsing på jamstilt språkteknologi.
98 Det nynorske språksamfunnet er i ferd med å verta gjennomdigitalisert. Ei satsing på jamstilt
99 språkteknologi vil ha svært mykje å seia for vilkåra for nynorskbrukarane i framtida.

101 2. ORGANISERINGA AV NOREG

102

103 Staten Noreg har i dag ikkje eit eige formulert ynske om å ta særskilt vare på nynorsken, berre
104 å jamstilla han med bokmål. Staten har ei anna haldning til nynorsk enn til samisk. Det er
105 ålment godteke både i det norske og det samiske samfunnet at samisk språk har ein
106 eigenverdi. Det finst difor lover og forskrifter som skal sikra framtida for samisk, og det vert
107 løyvt pengar og oppretta institusjonar med tanke på utviklinga av samisk språk. Å ta vare på,
108 sikra og utvikla nynorsken er derimot i stor grad ei oppgåve for språkpolitiske aktivistar.
109 Staten ser på seg sjølv som «nøytral» i språkspørsmålet. Offisiell norsk språkpolitikk fremjar
110 difor sjeldan nynorsk ut over målsetnaden om jamstilling.

111 Nynorsken er røysta inn i skulekrinsane som utgjer det me kan kalla “nynorskområdet”. Han
112 har altså folkeleg oppslutnad og legitimitet her. Likevel er dette nynorskområdet tufta på
113 juridisk og politisk skøyre ordningar. Med simpelt fleirtal kan kommunar eller regionar frå éin
114 dag til ein annan gå frå å verta administrerte på nynorsk til å verta nøytrale, altså ikkje ha
115 noko krav om målbruk.

116

117 Det er for tida store endringar i struktureringa av Noreg. Her ser me ei sentralisering inn mot
118 storbyane og ei indre regionalisering, både gjennom regionreforma og kommunereforma.
119 Dette får konsekvensar for nynorsken og nynorskbrukaren, men slike store endringar må ikkje
120 skje på tvers av det folkelege kravet om nynorsk.

121

122 **Staten**

123 Staten har ansvar for å ta vare på og halda oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det
124 tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er lov om målbruk i offentleg teneste, altså mållova.

125

126 Mållova sikrar eit visst omfang av nynorskbruk frå staten og at det er folket, og ikkje
127 byråkratane, som avgjer kva språk staten skal ytra seg på. Slik sikrar mållova at den store
128 skriftspråkprodusenten staten, og alle hans greiner, også produserer nynorsk.

129

130 Mållova er laga i ei tid då Noreg såg annleis ut enn i dag, før digitaliseringa av offentleg
131 informasjon. Med internett og stor tilgang på offentleg informasjon trengst ei modernisering
132 av mållova som sikrar at denne informasjonen finst på både nynorsk og bokmål.

133 Privatisering og utsetjing av offentlege tenester i eigne selskap gjer at færre av dei store
134 institusjonane må bruka nynorsk. Noregs Mållag har inga meining om sjølve
135 eigarskapsmodellen, men ein etat kan ikkje slutta å skriva nynorsk berre fordi han vert gjort
136 om til eit aksjeselskap. Det same gjeld offentlege verksemder som vert delprivatiserte.

137

138 Noregs Mållag meiner:

139 • Mållova skal følgjast av alle statlege verksemder og aksjeselskap. Ho skal ikkje kunna
140 verta uthola gjennom at staten endrar eigarskapsmodellen.

141 • Kravet til veksling mellom bokmål og nynorsk i utetterretta informasjon må spegla
142 den nye digitale røynda. Mållova må vera plattformnøytral.

143 • Statlege nettsider må veksla 50/50 mellom nynorsk og bokmål på same side.

144 • Det skal følgja sanksjonar med å bryta mållova. Dette kan vera dagbøter til etaten som
145 står bak lovbrotet.

146 • Noreg treng ei ny språklov som er laga for å *fremja* nynorsk, ikkje berre *jamstilla*
147 nynorsk med bokmål.

148

149

150

151 **Fylke og regionar**

152 Språket i fylkeskommunane og i fylkeskommunale føretak er ikkje underlagt mållova.
153 Språkbruken er regulert av politiske vedtak. Dei regionale statsføretaka som helseføretak,
154 tingrettar og liknande er underlagde mållova.

155
156 Noreg er i ferd med å få ein ny fylkesstruktur. Noregs Mållag sentralt skal saman med dei
157 aktuelle fylkesmållaga arbeida for at samanslåingane ikkje gjer at nynorskbrukarane får møta
158 mindre av språket sitt - heller meir. Det er særleg viktig å syta for at den vidaregåande
159 opplæringa i desse fylka gjev eit minst like godt tilbod til nynorskelevane i framtida som i
160 dag. I framtida er det meininga at fleire statlege regioninndelingar skal følgja grensene til dei
161 nye regionane. Det kan føra til endringar i krav til målbruk.

162
163 Noregs Mållag meiner:

- 164 • Det er både ei statleg og fylkeskommunal oppgåve å syta for at nynorskbrukarane
165 ikkje taper på regionreforma.
- 166 • Dei fylka som i dag har store nynorske mindretal, må forplikta seg i språkbruksplanar
167 på korleis dei stør opp om nynorskbrukarane i regionen eller fylket.
- 168 • Nynorskfylka og regionane må styrkja marknadsmakta si gjennom å systematisera
169 nynorskkrav i alle innkjøp, både i opplæringssektoren og utanfor.

170
171 **Kommunane**

172 Nynorsk kommunane er svært viktige i å halda det nynorske skriftspråket oppe og å hegna om
173 det. Kommunane er massive skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til det
174 dominerande bokmålet. Slik bidreg nynorsk kommunane til at nynorskbrukarane ser språket
175 sitt brukt og til at nynorsk er eit levande bruksspråk. Nynorsk kommunane hegnar om
176 nynorsken, området og dei andre nynorskinstitusjonane innanfor grensene og gjer
177 nynorskbruk enklare for alle.

178
179 Trass i at situasjonen er veldig annleis i kjerneområda enn i resten av landet, er dei nynorske
180 institusjonane og nynorskområdet forbausande stabile. Sist ein kommune skifta tenestemål,
181 var i 2013. Då gjekk Midsund kommune frå å vera ein nynorsk kommune til å verta ein
182 språkøytrale kommune med éi røyst overvekt. Likevel aukar det individuelle presset på
183 nynorskbrukaren i utkantane av området. Det får konsekvensar for statusen til nynorsk og for
184 kor mykje nynorsk nynorskbrukarane vert eksponerte for.

185
186 I dag er nynorsken sikra plass og status i kommunane gjennom fleirtalsvedtak om
187 tenestemålet (kva språk staten skal venda seg til kommunane på) og administrasjonsmålet
188 (kva språk kommunane skal administrerast på). Vedtaka gjeld til nye vert gjort, med enkelt
189 fleirtal. Det gjer nynorsken sin institusjonelle base skøyrt, og sjølv om det er få slike
190 vedtaksendringar, vil det seia at nynorsken i somme område er utsett. Til samanlikning er det
191 samiske språket sikra i fleire internasjonale konvensjonar og i den norske grunnlova. Det er
192 difor ein langt meir omfemnande og vanskeleg prosess å svekkja rettsgrunnlaget for samisk
193 enn for nynorsk.

194
195 Den kommunale sjølvråderetten står svært sterkt i Noreg, og kommunane rår seg sjølve i
196 språkspørsmål som ikkje er omfatta av opplæringslova. I paragraf 5 i mållova står det at
197 kommunane kan gjera vedtak om kva språk staten skal venda seg til dei på. Gjer dei ikkje
198 slikt vedtak, vert dei rekna som språkøytrale. At dei fleste kommunar òg held seg med eit
199 vedtak om administrasjonsmål, må meir reknast som eit utslag av sedvane.

200

201 Noregs Mållag meiner:

- 202 • Kommunane må ta større ansvar for nynorsken, gjennom språkbruksplanar som
203 forpliktar dei som nynorsk-kommune og gjer det vanskelegare å svekkja statusen til
204 nynorsk i kommunane.
- 205 • Staten må kunna føra tilsyn med at innbyggjarane får oppfylt rettane sine og at
206 nynorsken er i bruk.
- 207 • Det må gjerast meir attraktivt å vera ein nynorsk-kommune, til dømes gjennom
208 økonomiske insentiv.
- 209 • Alle interkommunale selskap og andre kommunale verksemdar må vera omfatta av
210 same krava.
- 211 • Staten må bidra til at det vert lettare å vera nynorsk-kommune gjennom å sikra at det
212 finst programvare på begge språk, at anbudsutlysingar sikrar tenester på begge språk
213 og etterutdanning for tilsette som treng meir nynorsk-kompetanse. Alt dette får
214 kommunar som bruker mest bokmål, utan å måtta arbeida for det.
- 215 • Staten bør greia ut korleis korleis kommunane følgjer opp dei språklege interessene og
216 rettane til innbyggjarane sine.

217

218 **Folkeregisteret**

219 Folkeregisteret gjev høve til å registrera språkvalet til alle innbyggjarar. Det gjer det lettare
220 for det offentlege å kommunisera med folk på nynorsk. Det skal stå i folkeregisteret kva språk
221 folk ønskjer å verta møtt på. Utgangspunktet må vera kva språk kommunen har valt.

222

223 Noregs Mållag meiner:

- 224 • Eit meir moderne folkeregister gjev staten eit langt betre høve til å møta
225 nynorskbrukarane på språket sitt. Dette høvet må staten utnytta.

226

227 **Språkteknologi**

228 Utviklinga av språkteknologisk programvare har og vil i aukande grad ha innverknad på
229 språktilhøva i Noreg. Når teknologien kjem dit at stadig fleire funksjonar rundt oss vert styrte
230 av taleknologi, kan dette innebera, om avgjerdene vert overlatne til marknaden åleine, ei
231 talemålsnormering me ikkje har sett sidan radioen kom.

232 Sidan marknaden rår, må nynorskbrukarane vera synlege på statistikkane til selskapa som
233 styrer marknaden. Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal
234 arbeida med språkteknologi i Noreg, er viktig. Eit kvalitetssikra nynorsk-korpus er òg viktig
235 for at slik teknologi skal ta i bruk både dei to norske språka.

236

237 Noregs Mållag meiner:

- 238 • Staten må ta ansvaret for at tilgjengeleg språkteknologi vert like breitt utvikla for
239 nynorsk som for bokmål.
- 240 • Noreg må få taleattkjenningsteknologi som forstår dialektar.
- 241 • Staten må ta kostnadene ved å utvikla ein nynorsk ordbank til bruk for
242 språkteknologiske nyvinningar.
- 243 • Kvalitetssikra maskinomsetting til nynorsk kan spara det offentlege for svært store
244 utgifter samstundes som det kan innfri viktige rettar for nynorskbrukarane.
- 245 • Språksamlingane ved Universitetet i Bergen må få ei nøkkelrolle i utviklinga av
246 jamstilt språkteknologi.

247 3. Sivilsamfunnet

248

249

250 **Fagrørsla**

251 Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det skal vera lettare å bruka nynorsk. Stader der
252 nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig at dei friviljuge
253 organisasjonane nyttar nynorsk. Dei siste åra har Noregs Mållag arbeidd særleg med LO for å
254 få dei til å nytta meir nynorsk. Arbeidstakarar frå EØS-området har i dag ikkje rett til
255 norskopplæring, men mange kommunar tilbyd dette likevel. I framtida bør denne gruppa ha
256 rett til å læra norsk både av omsyn til integrering, tryggleik på arbeidsplassen og for å styrkja
257 norsk språk.

258

259 Noregs Mållag meiner:

- 260 • Det er viktig å halda fram arbeidet i LO sentralt, lokalt og ute i forbunda for at LO
- 261 skal bruka meir nynorsk og for at LO skal fremja viktige målkrav ute i samfunnet.
- 262 • Arbeidstakarar med utanlandsk bakgrunn må få opplæring på nynorsk i
- 263 nynorskområda.
- 264 • EØS-borgarar bør få rett til norskopplæring.

265

266 **Næringsliv**

267 Å sjå nynorsk i butikken, i avislysingar og reklameblad gjer det lettare for alle
268 nynorskbrukarar å halda fram med å skriva nynorsk, og lettare for skuleungar å læra seg
269 nynorsk. Det er òg viktig for arbeidstakarar å kunna skriva nynorsk på arbeidsplassen sin. Slik
270 er desse verksemdene med på å gjera nynorsk lettare å bruka og å læra for både unge og
271 vaksne. Nynorsk verksemd-kampanjen til mållaget er med på å løfta fram og gje heider til
272 desse verksemdene, det bør me halda fram med. Nynorsk næringslivspris er òg eit viktig tiltak
273 for å løfta fram nynorskbruk i næringslivet.

274

275 Noregs Mållag meiner:

- 276 • Det særleg er viktig å prioritera nynorsken i dei store daglegvarekjedene.
- 277 • Det er viktig å passa på målbruken i Tine.

278

279 **Den norske kyrkja**

280 Fram til i 2012 var Den norske kyrkja ein del av staten. Med endringa i 2012 er kyrkja ikkje
281 underlagt staten på same måte, sjølv om kommunane framleis har ei plikt om å stø den norske
282 kyrkja. Kyrkja reknar framleis at dei skal halda seg til mållova.

283

284 Noregs Mållag meiner:

- 285 • Kyrkja skal framleis praktisera prinsippa i mållova, sjølv etter ny organisering.
- 286 • Trusopplæringsmaterieill må liggja føre på både nynorsk og bokmål.

287

288 **Religion og livssyn**

289 Religion og livssyn er meir enn Den norske kyrkja. I nynorskområda er det etablert trus- og
290 livssynssamfunn frå ei lang rekkje religionar, og medlemene her bør òg få høve til å utøva
291 religionen sin på nynorsk. Noregs Mållag vil særleg prioritera kontakt med dei islamske
292 miljøa i nynorskområda for å kartleggja kva som trengst.

293

294 Noregs Mållag meiner:

- 295 • Det er viktig å hjelpa muslimske trussamfunn til å få meir av tilfanget sitt på nynorsk.
- 296 • Det er viktig å følgja opp Humanetisk forbund, for å sikra at dei har tilbod på både
- 297 nynorsk og bokmål og bruker nynorsk i nynorskområdet.
- 298 • Trus- og livssynssamfunn som får statsstøtte, bør møta eit krav om at dei må gje born
- 299 og unge i nynorskområde nynorsk trusopplæring.

300 **Samarbeid med andre språkgrupper i Noreg**
301 Målrørsla skal vera solidarisk med andre språkgrupper i Noreg. Mange språkpolitiske saker er
302 like for målrørsla og rørsleane til nasjonale urfolks- og minoritetsspråk i Noreg. Der me har
303 felles sak, bør me i større grad samarbeida med desse rørsleane. Særleg dei samiske miljøa har
304 me felles interesser med. Det kan gjelda parallellklasseoppretting, mediepolitikk,
305 litteraturfeltet, opplæring og reglar for kommunal språkbruk.

306
307

308 **4. OPPLÆRING**

309

310 I all hovudsak er det i skulen at nye nynorskbrukarar kjem til, og i delar av landet er det i
311 skulen dei òg forsvinn. I tillegg syner undersøkingar at barnehagen i stor grad fungerer som
312 reine bokmålsbad for ungar som skal ha nynorsk som opplæringsmål.

313 Det er varsla at det kjem ei ny opplæringslov i 2020. Denne må vera ein hovudprioritet for
314 Noregs Mållag. I 2017 tok arbeidet til med å utvikla nye læreplanar. Dette arbeidet er høgt
315 prioritert hjå Noregs Mållag og må vera det til dei nye læreplanane er klare hausten 2020.

316

317 **Barnehage**

318 I dag er språket i barnehagen eit heilt uregulert område. Barnehagelova vart endra i 2017 og
319 nemner ikkje nynorsk i det heile. Samstundes slår den nye rammeplanen fast at
320 skriftspråkstimulering er ein viktig del av barnehagekvardagen. Ei undersøking

321 Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og Pirion har gjort, syner at barnehagane i
322 nynorskområda i alt for liten grad nyttar nynorske bøker, nynorsk i songar og høgtlesing. Åtte
323 av ti nyttar språkstimuleringsopplegg som berre finst på bokmål. Ein stor del av ungene som
324 skal ta til med nynorsk i skulen, vert såleis bada i bokmål i barnehagen. Utan reguleringar vert
325 det svært personavhengig kor mykje nynorsk språkstimulering ungene får, eller om ungene
326 møter nynorsk i det heile. Noregs Mållag krev sterkare språklege rettar for barnehageungar.

327

328 Noregs Mållag meiner:

- 329 • Språkstimuleringsmateriell som ikkje finst på nynorsk, må ikkje kjøpast inn av
330 barnehagar i nynorskområde.
- 331 • Ungar som skal ha nynorsk på skulen, bør fyrst og fremst møta nynorsk skriftspråk, i
332 tillegg bør dei møta den lokale dialekta i barnehagen.
- 333 • Barnehagevitjingar må framleis vera prioriterte under nynorskstafetten for å auka
334 medvitet kring nynorsk språkstimulering i barnehagen.
- 335 • Alle ungar skal få møta nynorsk i barnehagen.
- 336 • Rammeplanen må ta omsyn til at det er annleis å skulla få opplæring i eit mindre brukt
337 språk, enn i det største språket.

338

339 **Barnehagelærerutdanninga**

340 Barnehagelærerutdanninga bør spegla at Noreg er eit toskriftspråkleg samfunn. Så lenge det
341 ikkje finst krav i barnehagen, skjer ikkje dette i stor nok grad i dag. Kunnskapsområdet språk,
342 tekst og matematikk må spegla at det er to norske språk, og studentane må få innsikt i korleis
343 ein driv språkstimulering for ungar som skal ha nynorsk opplæringsmål. Nynorsk
344 språkstimulering må tematiserast i rammeplanen for barnehagelærerutdanning.

345

346 Noregs Mållag meiner:

- 347 • Ungar som skal ha nynorsk opplæringspråk, må møta nynorsk i barnehagen Den
348 retten må inn i barnehagelova og rammeplanen.

349

350 **Barnesteget**

351 I 2017 var det 76.549 nynorskelevar i grunnskulen, mot 79.841 i 2010. Talet på nynorskelevar
352 er relativt stabilt, medan nynorskprosenten går ned. At det flyttar fleire folk til dei det sentrale
353 austlandsområdet og til dei store byane, er ei av hovudforklaringane på at nynorskprosenten
354 går ned. Likevel har det aldri teke til så få bokmåselevar i Sogn og Fjordane som det gjer no,
355 og i 2016 tok det til fleire nynorskelevar enn på 10 år i Hordaland.

356
357 Eit aukande tal på parallellklasser med bokmål i randsonene er eit problem. Nokre gonger vert
358 nynorskelevane i så tydelege mindretal at skulane bryt opplæringslova og blandar
359 nynorskelevar og bokmåselevar i same klasse på barnetrinnet, dette har me t.d. sett på skular
360 i Arna bydel og Bergen og i Hallingdal. Slik parallellklasseretten fungerer i dag, kan han
361 svekkja nynorsken sin posisjon i eit område eller på ein skule. Mange stader treng ikkje
362 foreldre som ynskjer bokmål ein gong å vera ti elevar for å få eigne bokmålsklasser. Både på
363 Orstad og på Gol t.d. er det slik det som i dag er store bokmålsgrupper, tok til. Foreldre som
364 ynskjer nynorsk opplever på si side å verta motarbeidde av skuleleiing og kommunar. Noregs
365 Mållag må sjå på andre måtar å hegna om nynorskelevane og dei nynorske lokalsamfunna på.

366
367 Det er skilnad på å læra det største og det minste av dei to norske språka, det må
368 hovudmålsundervisinga til nynorskelevane ta høgde for. Nynorskelevane treng mindre
369 eksponering for bokmål. Elevar med nynorsk sidemål bør starta sidemålsundervisinga på
370 mellomsteget.

371
372 Etter nokre år med ro kring læremiddelsituasjonen ser me at inntoget av digitale læremiddel
373 skaper ein uholdbar situasjon for nynorskelevane, der store delar av marknaden ikkje i det
374 heile tilbyr produkta sine på nynorsk. I tillegg vil det koma nye læremiddel i kjølvatnet av dei
375 nye læreplanane. Dette er ei sak me bør samarbeida med lærarorganisasjonane om.

376
377 Lokale mållag gjer ein svært viktig jobb som lokale kampanjeorganisasjonar når det er
378 skulemålsrøysting, og Noregs Mållag sentralt bidreg til dette arbeidet. Det er viktig å fanga
379 opp uro kring skulemålet tidleg, slik at me kan setja inn tiltak før det vert snakk om
380 skulemålsrøysting.

381
382 Noregs Mållag meiner:

- 383 • Læremiddelsituasjonen har endra seg med den digitale røynda. Alle læremiddel som er
384 utvikla for bruk i skulen, må koma på både nynorsk og bokmål. Opplæringslova må
385 spegla den digitale røyndomen.
- 386 • Staten må føra tilsyn med at nynorskelevar får rettane sine etter opplæringslova,
387 inkludert retten til læremiddel på nynorsk.
- 388 • Godkjenningsordninga for læremiddel må attende.
- 389 • Opplæringsmateriell som kjem frå organisasjonar som skal nyttast i skulen, må koma
390 på både nynorsk og bokmål.
- 391 • Ny læreplan må ta omsyn til at det er annleis å få opplæring i eit mindre brukt språk
392 enn i det største språket.
- 393 • Ein må i større grad leggja den konkrete undervisinga til rette for dei elevane som
394 skriv eit mindre brukt språk.
- 395 • Bokmåselevar må byrja med nynorsk sidemål på mellomsteget.
- 396 • Det bør alltid vera tilbod om nynorsk parallellklasse i dei store byane, utan krav til
397 minstetal på elevar.
- 398 • Kravet om at det må vera 10 elevar att i klassen for å skipa parallellklasse, må attende.
- 399 • Det er viktig å stø opp om arbeidet med å skipa nynorske parallellklasser.

- 400 • I nynorskområda bør det vera ein prinsipiell rett til å gå i nynorskklasse.
- 401 • Det er viktig å stø opp om nynorsk leselystkampanje på mellomsteget.
- 402 • Arbeidet med å vinna skulemålsrøystingar skal vera høgt prioritert.
- 403 • Det må utgreiast korleis ein tek i vare nynorskelevane på skular der bokmålslevane er
- 404 i stort fleirtal og veksande.
- 405 • Det må økonomiske insentiv til for at nynorskelevane skal få den opplæringa dei har
- 406 krav på.

407

408 **Ungdomssteget**

409 I dag opphøyrer retten til å få opplæring på eige språk når elevane går ut av barneskulen. Då

410 kan elevane sjølve avgjera kva språk dei vil ha som hovudmål, men dei har ingen rett til å få

411 opplæring i og undervisning på dette språket, utover sidemålsopplæringa. Noregs Mållag har

412 arbeidd for at retten til å få opplæring på hovudmål skal gjelda heile grunnskulen.

413

414 I dag kan 12–13 år gamle elevar sjølv velja opplæringsspråk frå 8. klasse. Valet skjer før

415 elevane har vore innom språkhistoria i pensum og før dei er fullkompetente i hovudmålet sitt.

416 Noregs Mållag meiner elevane bør ha det same opplæringsmålet heile grunnskulen.

417

418 Sidemålsordninga i ungdomsskulen syter for at alle møter nynorsk i grunnskulen. Ho er viktig

419 for statusen til nynorsk og for å sikra kompetanse i nynorsk i heile samfunnet. Eigen karakter

420 og eksamen i sidemål er med og held oppe statusen til undervisninga i sidemål i norskfaget.

421 Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på dei sidemålsforsøka som no går føre seg i

422 skulen.

423

424 Noregs Mållag meiner:

- 425 • Språkvalet til elevane skal følgja dei ut heile grunnskulen.
- 426 • Retten til opplæring på eige språk skal gjelda ut grunnskulen. På språkblanda
- 427 ungdomsskular skal elevane frå nynorskkrensar og bokmålskrensar halda fram i kvar
- 428 sine klassar.
- 429 • Lærarar i ungdomsskulen skal undervisa på det språket som elevane skal få opplæring
- 430 i, i alle fag.
- 431 • Det må koma ei statleg støtte til nynorskopplæring i eigne grupper.
- 432 • Sidemålsordninga skal halda fram med eigen karakter og eksamen.
- 433 • Elevar med bokmål som opplæringsmål bør verta introduserte for nynorsk i andre fag
- 434 enn norsk.

435

436 **Lærarutdanningane for grunnskulen og lektorutdanninga**

437 Alle lærarar i grunnskulen og vidaregåande skal vera norsklærarar. Ferdig utdanna lærarar i

438 Noreg må kunna nynorsk. Det er viktig for opplæringa til elevar i nynorskområde og det er

439 viktig for å halda oppe den nasjonale kompetansen i nynorsk.

440 I dag får elevar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i vidaregåande, det same fritaket for

441 vurdering i lærarutdanninga. Det tyder i praksis at ein utdannar mange lærarar som berre kan

442 bokmål. Det fører til mangelfull opplæring for nynorskelevane. I staden for å gje studentane

443 fritak, burde ein gje dei opplæring i nynorsk, slik at dei meistrar både nynorsk og bokmål når

444 dei skal ut i læraryrket.

445

446 Å læra seg å skriva eit mindre brukt språk er annleis enn å læra å skriva det språket ein ser

447 mest av rundt seg. Lærarutdanningane må difor undervisa i nynorskidaktikk.

448 Lærarutdanningane har dessutan eit dessutan eit særskilt ansvar for ein fagleg diskusjon om

449 nynorskelevar sine behov og om ein målretta morsmålsdidaktikk for nynorskelevar.

450 Noregs Mållag meiner:

- 451 • Lærer- og lektorstudentane må få opplæring i nynorskdidaktikk.
- 452 • Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i
- 453 begge målformer, også for dei studentane som ikkje vel norsk i GLU 5–10.
- 454 • Norsk må verta obligatorisk for 5.–10. lærarutdanninga.
- 455 • Det skal ikkje kunna gjevast fritak for vurdering i sidemål. Fritaket må erstattast av
- 456 opplæring.

457

458 **Vidaregåande opplæring**

459 I randsonene er språkskiftet stort i den vidaregåande skulen. Det er ofte store, sentraliserte
460 skular der elevane kjem frå områda rundt. Mange kjem frå eit «trygt» nynorskområde og
461 hamnar i eit språkleg mindretal. Det er i slike situasjonar det er vanskeleg å halda på nynorsk.
462 I tillegg er det fritt opp til lærarane kva språk dei vil undervisa på. Dette skapar skular som i
463 praksis vert reine språkskiftefabrikkar.

464

465 Noregs Mållag meiner:

- 466 • Elevane skal framleis ha eigen karakter i sidemål, både standpunkt og eksamen.
- 467 • Det skal vera eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk
- 468 hovudmål.
- 469 • Staten har eit ansvar for å stogga språkskifte.

470

471 **Høgare utdanning**

472 *Studentrettar*

473 Engelsk er i ferd med å ta over som forskingsspråk i Noreg, og det vert òg meir og meir
474 vanleg å undervisa på engelsk på alle nivå på høgskular og universitet. For å halda oppe eit
475 norsk fagspråk må studentane få meir av pensum på norsk.

476 Det er viktig å hegna om retten til å få eksamen på eige språk. I dag er ikkje private høgskular
477 omfatta av denne retten, men det må dei verta.

478

479 Noregs Mållag meiner:

- 480 • Studentane må møta meir pensum på norsk og særleg nynorsk.
- 481 • Studentar skal ha rett på eksamen på nynorsk både på offentlege og private
- 482 utdanningsinstitusjonar.
- 483 • Studentane må ha rett på undervisning på norsk til og med bachelor.
- 484 • Studentane må ha rett til å skriva bachelor- og masteroppgåver på norsk.
- 485 • Det må opprettast stimuleringsordningar for bachelor- og masteroppgåver og phd-
- 486 avhandlingar på nynorsk.

487

488 *Undervisning og forskning*

489 Den sterke posisjonen engelsk språk har fått i akademia, gjer det endå vanskelegare å sikra
490 den nynorske skriftkulturen. Arbeidet for å vareta og vidareutvikla norsk fagspråk er i for låg
491 grad prioritert og følgt opp innanfor sektoren.

492

493 Styrking av norsk språk er ikkje ein resultatindikator i akademia, og det er heller ikkje
494 formidling av forskning overfor eit breitt publikum. Internasjonal inn- og utveksling av
495 studentar er derimot ein slik indikator, derfor er det attraktivt å gje undervisning på engelsk for
496 å trekkja til seg utanlandske studentar. Formidling til den norske ålmenta må verta høgare
497 verdsett. Publisering av lærebøker på norsk må verta viktigare.

498

499 Noregs Mållag meiner:

- 500 • Språkrådet skal laga ein plan eller ein mal for språkbruk som institusjonane i
501 akademia kan bruka.
- 502 • Sektoren må stilla sterkare tilsetjingskrav, slik at folk ikkje får fast jobb om dei ikkje
503 kan dokumentera at dei kan norsk innan ei viss tid.
- 504 • Språk må vera eit av kriteria i teljekantsystemet som må premiera formidling på norsk,
505 både til fagfellar og til eit breiare publikum.
- 506 • Publisering på norsk bør gje økonomisk utteljing.
- 507 • Terminologiarbeidet må få meir offentleg stønad.

508

509 **Nynorskforsking**

510 Det går føre seg mykje viktig forsking og kunnskapsutvikling på felt som er viktige for
511 Noregs Mållag. Det har dei seinaste åra utvikla seg større forskingsmiljø som forskar på
512 nynorskrelaterte problemstillingar. Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på det som
513 skjer på feltet, tek til oss den kunnskapen dei formidlar og bruker fagfolk i
514 nynorskforskingfeltet aktivt på kurs, seminar og konferansar.

515

516 **Norskopplæring for vaksne innvandrarar**

517 Folkeveksten i landet vårt kjem i dag av utanlandsk innvandring. Innvandrarar er viktige
518 tilflyttarar for heile Distrikts-Noreg. Det er difor viktig at dei som buset seg i nynorskområde,
519 lærer det lokale språket. Mange av dei nye innbyggjarane kjem med familie og ungar.
520 Nynorskopplæring i vaksenopplæringa kan gjera det lettare å koma inn i det norske samfunnet
521 fordi ein lettare forstår det munnlege talemålet. Då vert det også lettare å forstå dialektar frå
522 alle delar av landet. Dersom nokre av dei som har lært nynorsk, flyttar vidare til
523 bokmålsområde, er det ikkje noka ulempe å kunna nynorsk. Tvert om er det ein styrke for alle
524 å kunna nynorsk.

525 I dag er dette eit heilt uregulert område, der språkvalet ofte er opp til den som leier
526 norskopplæringa. I tillegg er det ingen krav til at læremiddel skal koma ut på begge
527 målformer. Situasjonen har betra seg noko på læremiddelfronten, men det trengst eit
528 parallellutgåvekrav for læremidla for å sikra god nok tilgang.

529

530 Noregs Mållag meiner:

- 531 • Det er viktig å gjera opplæringsspråket i norskopplæringa til eit politisk spørsmål i
532 kommunane. Opplæringsspråket må følgja kommunespråket i dei kommunane som
533 har eit kommunespråk.
- 534 • Læremiddel må inn under opplæringslova og koma på same tid og til same pris på
535 bokmål og på nynorsk.

536

537

538 **5. KULTUR**

539

540 **Media**

541 Mediebransjen er inne i ei tid prega av sterk endring på mange felt. I mange år har Noregs
542 Mållag arbeidd hardt for å få dei store riksavisene til å opna for nynorsk. Det har vore rett, og
543 i 2017 fekk me på kort tid fleire gjennombrøt her. Denne prinsippssaka er viktig, men kanskje
544 ikkje lenger viktigast. Landet rundt ser me små og store redaksjonar som ynskjer nynorsken
545 velkomen i spaltene sine. Noregs Mållag bør gå i dialog med aktørar i og rundt målrørsla for å
546 finna fram til kva verkemiddel som kan hjelpa desse avisene best mogleg.

547 NRK er sjølvve motoren for nynorsk i media, og med kontoret i Sogn og Fjordane som ein
548 spjotspiss. Til no har kravet overfor NRK vore at 25 prosent av innhaldet skal vera på

549 nynorsk. Dette vert rekna ut ved at all dialektbruk vert delt på to og fordelt på dei to
550 skriftspråka. Dermed er den reelle bruken av munnleg nynorsk langt lågare enn 25 prosent,
551 også i dei åra der NRK kan rapportera om at ein firedel av NRK-språket var nynorsk. Nett tek
552 over for lineær-tv. I dag rapporterer ikkje NRK for målbruken på nett.
553 Noregs Mållag bør arbeida for å sikra mediebransjen utanfor hovudstaden betre vilkår. Mange
554 nynorske lokalaviser er små og sårbare, og Noregs Mållag meiner golvet i produksjonsstøtta
555 bør aukast til éin million. Dette bør ikkje gå på kostnad av dei riksdekkjande meiningsberande
556 avisene. TV2 har i mange år vore viktig for nynorsken, men har ikkje krav på seg om å bruka
557 nynorsk på nett, og gjer det dermed heller ikkje.
558 Nynorsk avissenter, Dag og Tid, Norsk Barneblad, Syn og Segn, Framtida, NRK Nynorsk
559 mediesenter og Nynorsk Pressekontor er alle saman gode, nynorske medietiltak. Felles for dei
560 alle er at dei kan visa til gode tal, god framgang og gode faglege resultat. Noregs Mållag skal
561 arbeida for at desse får gode rammevilkår også i framtida.
562 Journalistutdanningane er for dårlege på å utdanna journalistar i eit tospråkleg Noreg. Difor er
563 dei nynorske journalistutdanningane i Førde svært viktige. Trongen for nynorskjournalistane
564 er stor.

565
566 Noregs Mållag meiner:

- 567 • Alle riksaviser skal opna for nynorsk journalistikk.
- 568 • Det er særleg viktig å hjelpa redaksjonar som ynskjer å bruka meir nynorsk til å nå
569 målet sitt.
- 570 • Arbeidsgjevaravgift, pressestøtte og momsfrítak er alle verktøy som kan brukast for å
571 fremja nynorsk i media.
- 572 • Både NRK og TV2 må få krav på seg til å bruka nynorsk på nett.
- 573 • Dei nynorske medieverksemdene må vera sikra gode rammevilkår.
- 574 • Det er viktig å samarbeida med Kringkastingsringen for å sjå på korleis nynorskkravet
575 i NRK kan fungera best mogleg i framtida.

576
577 **Film**

578 Ein statleg støtta filmproduksjon må spegla heile Noreg, og dei regionale filmsentera er eit
579 middel for å få det til. I dag skal all norsk film vera teksta for høyrsløhemma. Ny teknologi
580 gjer det lettare å tilby teksting på både bokmål og nynorsk.

581 Noregs Mållag meiner:

582 Norsk filmproduksjon må spegla det norske språkmangfaldet og bruka alle norske dialektar.
583 Alle kinoar i nynorskområde skal tilby film med nynorsk undertekst.
584 Det bør vera mogleg å velja nynorsk undertekst når ein kjøper film på DVD eller
585 strøymekanal.

586
587 **Sosiale medium**

588 I dag har dei fleste sosiale medium utanom Facebook eit brukargrensesnitt på bokmål eller
589 engelsk. Dei viktigaste sosiale media bør ha brukargrensesnitt på nynorsk.

590
591 Noregs Mållag meiner:

- 592 • Sosiale medium bør vera tilgjengelege på nynorsk.

593
594 **Teater**

595 Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg og det bør statsstønadene spegla. I
596 Hordaland har Hordaland teater kome inn i nytt hus i sentrum, og det er eit viktig
597 nynorskteater.

598

599 Noregs Mållag meiner:

- 600 • Samarbeidet mellom dei nynorske teatera er svært positivt for nynorsk scenekunst.
- 601 • Det Norske Teatret bør få same budsjettløyving som Nationalteatret.

602

603 **Litteratur**

604 Den nynorske litteraturen er det fremste uttrykket for den nynorske skriftkulturen. Det Norske
605 Samlaget er det største av nynorskforlaga og har ei særleg viktig oppgåve når det gjeld å gje
606 ut nynorsk litteratur både for barn, ungdom og vaksne. Det er framleis vanskelegare å selja ei
607 nynorskbok enn ei bokmålsbok berre på grunn av språket. Samlaget gjer eit stort og viktig
608 arbeid for at alle skal få tilgang til litteratur på nynorsk, og det er særleg viktig for born og
609 unge.

610

611 Andre forlag gjev òg ut nynorske bøker, og det finst andre forlag som etter kvart har teke ein
612 posisjon som nynorskforlag, ikkje minst gjeld det Skald forlag, som gjev ut både
613 barnelitteratur og vaksenlitteratur. Det må framleis vera gode ordningar som sikrar at
614 nynorskbøker òg kan gjevast ut utanfor Samlaget.

615

616 I dag fell ikkje omsett barne- og ungdomslitteratur inn under innkjøpsordninga. Dette gjer at
617 små språksamfunn som nynorsk og samisk vil få mindre tilgang til litteratur på språket sitt i
618 biblioteka enn dei kunne ha fått. For å kompensera for lågare produksjon bør ein kunna kjøpa
619 inn omsett litteratur på samisk eller nynorsk gjennom innkjøpsordninga.

620

621 Biblioteka er svært viktige formidlarar av nynorsk litteratur. Det er viktig at biblioteka får
622 økonomisk armslag til å kunne fremja nynorsklitteratur på ein god måte. Kommunereforma
623 må ikkje føra til nedlegging av bibliotek.

624

625 Noregs Mållag meiner:

- 626 • Det må framleis vera sterke støtteordningar for norsk litteratur.
- 627 • Barn og unge må få eit rikt tilbod av nynorsklitteratur, både på papir og skjerm.
- 628 • Bibliotek ikkje må leggjast ned som ei følgje av kommunesamanslåing.
- 629 • Omsett barne- og ungdomslitteratur til nynorsk og samisk må koma inn under
630 innkjøpsordninga.
- 631 • Alle lesestimuleringstiltak retta mot barn og unge må ha eit breitt tilbod av nynorsk
632 litteratur.

633

634 **6. Organisasjonen**

635 Noregs Mållag er i vekst. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogleg å nå meir
636 ambisiøse mål. Mange lag driv godt, men fleire lag bør styrkja det målpolitiske arbeidet på
637 område som barnehage, skule, norskopplæring og kommunespråk. Fleire sterke lag i
638 randsonene for det nynorske kjerneområdet vil stø nynorsken i eit område der han er under
639 press. Snittalderen for nye medlemer er under femti år, men snittalderen for lagsleiarar er ein
640 god del høgare. Det er eit mål å rekruttera fleire leiarar frå den yngre delen av
641 medlemsmassen.

642

643 **Noregs Mållag sentralt**

644 Det er ei viktig oppgåve for Noregs Mållag sentralt å styrkja lokal- og fylkeslaga. Styret og
645 skriarstova skal vitja alle fylkeslaga og minst 30 mållag kvart år i perioden. Noregs Mållag
646 skal samarbeida tett med Norsk Målungdom, og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet
647 deira.

648 Alle nyvalde leiarar skal verta tekne godt imot og få tilbod om skulering frå sentralledet.
649 Mållaget skal skipa til seminar vår og haust med unnatak av landsmøtevåren.
650 Hovudmålgruppa for seminara skal vera tillitsvalde.

651
652 Medlemstalet er aukande, og Noregs Mållag skal halda fram med vervekkampanjar. Det er
653 viktig å halda fram veksten, men òg å syta for at fleire av dei nyinnmelde medlemene vert
654 aktive lagsfolk. Særleg gjeld dette dei yngre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal
655 samarbeida om overgangen frå ungdoms- til vaksenorganisasjonen.

656
657 Noregs Mållag skal gjennomføra organisatoriske tiltak for å styrkja nynorsken og særleg
658 nynorsk skulemål i viktige randsoner. I dei områda der det er fare for skulemålsrøystingar,
659 skal lokallaga gjerast i stand til å gjennomføra aksjonar for å halda på nynorsken. Lagsskiping
660 er ein viktig reiskap for å nå dette målet. Noregs Mållag skal kvart år gjennomføra
661 Nynorskstafetten i to til tre veker. Hovudemne og område vedtek styret kvart år.

662
663 Noregs Mållag sentralt har ansvaret for det politiske påverknadsarbeidet på riksplan, og dette
664 arbeidet skal styrkjast monaleg i perioden. Mållaget bør ha ambisjon om å verta ein tyngre
665 politisk aktør i Noreg. Særleg viktig er arbeidet med partiprogram og statsbudsjett.

666
667 Noregs Mållag skal arbeida vidare for å styrkja økonomien i organisasjonen, mellom anna ved
668 å utvikla nye måtar å gje målgåver på. Styret har fullmakt til å arbeida for at skivarstova skal
669 koma i eige hus.

670
671 Det er ei rekkje jubileum i perioden. I 2018 er det 200-årsjubileum for Aasmund Olavsson
672 Vinje og 150-årsjubileum for Det Norske Samlaget. I 2019 har sidemålet femtiårsjubileum i
673 ungdomsskulen. I 2020 fyller 25-prosentregelen i NRK femti år. I 2021 er det hundre år sidan
674 heile Bibelen for fyrste gong var omsett til nynorsk, og det er femti år sidan retten til nynorske
675 lærebøker til same tid og same pris blei slegen fast. I desse åra er det òg 150 år sidan dei
676 fyrste mållaga i Noreg dukka opp. Noregs Mållag skal fyrst og fremst nytta jubilea til å få
677 merksemd om dagsaktuelle tema.

678 679 **Fylkeslaga**

680 Fylkeslaga i Noregs Mållag skal driva målarbeid på regionalt nivå og vera eit bindeledd
681 mellom lokallag og Noregs Mållag sentralt. Fylkeslaga skal samordna det lokale målarbeidet
682 og inspirera lokale målfolk, mellom anna ved å skipa til seminar og samlingar. Kvart
683 fylkeslag skal fylgja opp landsfemnande kampanjar, med mål om at alle lokallag tek del i dei.
684 Fylkeslaga skal vurderer kvar det er høve til å starta nye lag, og samarbeida med nabolokallaga
685 og Noregs Mållag sentralt om lagsskiping. Fylkeslaga skal også gje hjelp og støtte til lokallag
686 som treng det eller bed om det.

687 I perioden vert arbeidet med regionreforma den viktigaste politiske enkeltsaka for dei fleste av
688 fylkeslaga. Alle relevante fylkeslag skal prioritera arbeidet med denne reforma både i
689 skulering og i politisk arbeid.

690
691 Fylkeslaga bør arbeida for gode målvedtak og målbruksplanar i kommunar og
692 fylke. Fylkeslaga skal samarbeida med lokallaga om å verva medlemmer, og å stø
693 målungdomslag i sin region eller sitt fylke.

694
695 Dei seinare åra har så godt som alle fylkeslag vakse i medlemstal. I eit lengre perspektiv er
696 situasjonen slik at Telemark, Rogaland og Trønderlaget har hatt fallande medlemstal. Noregs

697 Mållag sentralt skal prioritera å styrkja desse tre fylkeslaga i perioden. Dersom det er teikn til
698 at Nordland Mållag kan verta oppattskipa, skal dette fylkeslaget få hjelp frå Noregs Mållag.

699

700 **Mållaga**

701 Dei lokale mållaga er grunnfjellet i Noregs Mållag. Mållaga skal styrkja det direkte
702 målpolitiske arbeidet retta mot skule, barnehage, næringsliv, media, norskopplæring og
703 kommunal verksemd. Mange lokallag har medlemmer med sentrale verv og posisjonar i
704 lokalsamfunnet. Det er eit godt utgangspunkt for å samarbeida med og påverka andre, i
705 politikken, i kultur- og organisasjonslivet, i barnehagen og skulen, i media og i næringslivet.

706

707 Lokallaga skal verva medlemmer og gjera målsaka synleg i lokalmiljøet. Fleire lag bør skipa til
708 inspirasjonsdagar for lærarar. Noregs Mållag sentralt skal gje økonomisk og praktisk støtte til
709 slike tilskipingar. Lokallaga bør samarbeida med lokale mål ungdomslag der det finst slike, og
710 hjelpa NMU med å skipa slike lag på stader der det ikkje finst. Laga må leggja vinn på å
711 rekruttera yngre styrefolk. Meir kunnskap om valnemndsarbeid er eit tiltak for å nå dette
712 målet.

713

714 **Yrkesmållaga**

715 Arbeidsoppgåvene i programmet høver i varierende grad for yrkesmållaga, som må gripa fatt i
716 dei oppgåvene i programmet som dei ser er viktige på sine område. Det er viktig at
717 yrkesmållaga lagar eit miljø for målarbeid innanfor sine yrkesgrupper. Yrkesmållaga har eit
718 ansvar for å gje Noregs Mållag sentralt innspel om stoda på sitt fagområde.

719

720 **Revisjon av prinsippprogrammet**

721 I denne perioden skal Noregs Mållag revidera prinsippprogrammet. Styret set ned ei nemnd og
722 inviterer heile organisasjonen med i arbeidet. Det er eit mål at arbeidet gjev meir målpolitisk
723 skulering og ordskifte i samskipnaden.